

Til
SIM sine eigarkommunar

Vår ref.:
JH 3793

Dykkar ref.:

Dato:
Fitjar, 9. oktober 2017

Endring i SIM sin selskapsavtale.

På representantskapsmøtet i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) 28. april 2017 vart det behandla ei sak som galdt miljøfond etter sal av næringssselskap i SIM. I vedtaket som vart gjort ber representantskapet SIM sine eigarkommunar om å endra §§ 4 og 13 i selskapet sine vedtekter.

Frå sak 9.17, representantskapsmøte 2017;

Representantskapet ynskjer at kommunane godkjenner endringar i selskapsavtalen:

§ 4 Føremål, får eit nytt punkt; *Å bidra til miljøtiltak i eigarkommunane.*

§ 13 Første setning får slik ordlyd; *Selskapet kan ta opp lån med inntil kr. 30 000 000.*

Endringar frå 2011

Mange av dei andre §§ i selskapsavtalen er uklare eller ikkje tilpassa dagens aktivitet i selskapet. I representantskapsmøte i 2011 (sak 12.11) vart det vedteke at styret sitt forslag til endringar i selskapsavtalen skulle ut til godkjenning i eigarkommunane.

Dei fleste kommunane godkjende dei føreslegne endringane med unntak av endringar i § 4 *Føremål*, § 5 *Selskapet sine oppgåver* og § 13 *Låneopptak*. To kommunar, Tysnes og Fitjar gjorde ikkje endeleg vedtak i saka.

Når kommunane no må handsame endringar i §§ om *Føremål* og *Låneopptak* ber selskapet om at ein òg ta opp att endringane som selskapet bad om i 12.11, og som ikkje vart ferdighandsama hjå eigarane, og dermed ikkje vart endra.

Selskapet ber difor kommunane om å handsame føreslegne endringar frå 2017 og føreslegne endringar frå 2011. Sjå vedlegg for nærare utgreiing om dei ulike paragrafane. Ein gjer merksam på at § 3 *Hovudkontor*, er godkjent i alle eigarkommunane, men vert formalisert den dagen selskapet faktisk flyttar til Stord.

Vedlagt er alle dokument i saka:

1. *Representantskapet sitt vedtak av 29. april 2011*
2. *Representantskapet sitt vedtak 28. april 2017 (sak 09.17)*
3. *Tabell med kommunane sine vedtak*
4. *Dagens selskapsavtale for SIM*
5. *SIM-styret sitt forslag til ny selskapsavtale*

Med venleg helsing
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS



Janne Hillersøy
Plan og kommunikasjonsansvarleg

Vedlegg 1. Representantskapet sitt vedtak 29.4.2011

Endring i SIM sin selskapsavtale – brev til kommunane oktober 2017

Representantskapet sitt vedtak (samrøystes):

Sak 12/11 Ny selskapsavtale

Styret hadde følgjande framlegg til vedtak:

“Representantskapet godkjenner ny selskapsavtale. Selskapsavtalen skal oversendast eigarkommunane for godkjenning.”

Inge Reidar Kallevåg (Bømlo) sette fram følgjande forslag:

“Representantskapet ber eigarkommunane godkjenne styret sitt forslag til ny selskapsavtale.”

Vedtak: Representantskapet ber eigarkommunane godkjenne styret sitt forslag til ny selskapsavtale.

Vedlegg 2: Representantskapet sitt vedtak 28.4. 2017

Representantskapet sitt vedtak (11 mot sju røyster):

Sak 09/17 Miljøfond etter sal av næringssekskapa

Framlegg til vedtak:

Representantskapet ynskjer at kommunane godkjenner endringar i selskapsavtalen:

§ 4 Føremål, får eit nytt punkt; *Å bidra til miljøtiltak i eigarkommunane.*

§ 13 Første setning får slik ordlyd; Selskapet kan ta opp lån med inntil kr. 30 000 000.

Retningslinjer for forvaltning av fondet:

- *Det vert ført rekneskap over miljøfondet*

Retningslinjer for bruk av midlane frå fondet:

- Fondet kan berre brukast innanfor føremålet til SIM
- Fondet skal nyttast til miljøtiltak i eigarkommunane.
- Alle kan søkja, etter kunngjering
- Representantskapet deler ut midlane etter vurdering av innkomne søknader, ein person frå kommunane og ein frå styret i SIM vurderer søknadane.
- Sluttrapport for bruk av midlane skal evaluerast av dei som tildelte midlane.

Vedlegg 3: Tabell med kommunane sine vedtak

Kommunane sitt vedtak til sak 12/11 Møte i Representantskapet

Sak: **NY SELSKAPSAVTALE**

Vedtak: «Representantskapet ber eigarkommunane godkjenne styret sitt forslag til ny selskapsavtale.»

KOMMUNE	VEDTAK	Ikkje godkjende paragrafar	Dato:
Stord	<i>Kommunestyret godkjenner framlegg til ny selskapsavtale, med unntak av § 4, om føremål, og § 14, om låneopptak.</i>	§ 4 og 14	3.11.11
Bømlo	<i>1. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny selskapsavtale, med unntak av § 4, om føremål, og § 14, om låneopptak. 2. Framlegg om auka ramme for låneopptak i framlegget til ny § 14 må utgreiast ytterlegare av SIM før det vert lagt fram for politisk handsaming på nytt.</i>	§ 4 og 14	19.12.11
Sveio	<i>1. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny selskapsavtale, med unntak av § 4, om føremål, og § 14, om låneopptak. 2. Forslag om auka ramme for låneopptak i framlegget § 14 vert ytterlegare utgreidd av SIM før det vert lagt fram for politisk handsaming på nytt.</i>	§ 4 og 14	12.12.11
Fitjar			
Kvinnherad	<i>Kvinnherad kommune godkjenner ikkje at det vert gjort endringar i § 4 i «Selskapsavtale for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM). Forslag til ny § 5 vert heller ikkje godkjent. Dei andre forslag til endring vert godkjende.</i>	§ 4 og 5	01.09.11
Austevoll	<i>Austevoll kommunestyre godkjenner ikkje at det vert gjort endringar i § 4 i «Selskapsavtale for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM). Forslag til ny § 5 vert heller ikkje godkjent. Dei andre forslaga til endringar vert godkjende.</i>	§ 4 og 5	06.09.11
Tysnes	Saka vert vert utsett		21.02.12

Vedlegg 4; Gjeldande selskapsavtale

SELSKAPSAVTALE

FOR

SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS (SIM)

Endra i Representantskapsmøtet den 30. april 1999.
Endringa godkjend i eigarkommunane den 22. november 1999.
Selskapsavtalen er tilpassa lov om interkommunale selskap den 9. mai 2003.
Endra i eigarkommunane per 15. mai 2017.

§ 1 **Namn**

Selskapet sitt namn er Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM). Selskapet er eit interkommunalt selskap.

§ 2 **Deltakarar**

Følgjande kommunar er deltakarar i selskapet:
Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Andre kommunar har høve til å søkja om å verta deltakarar i selskapet.

§ 3 **Hovudkontor**

Selskapet sitt hovudkontor er i Stord kommune.

§ 4 **Føremål**

Føremålet med selskapet er :

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar når det gjeld gjenvinning.
4. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

§ 5 **Selskapets oppgåver**

Selskapets oppgåver er:

1. Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidareending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.
2. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallshandsaminga.
3. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.
4. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallshandsamingsmetodar.

§ 6 Eigardel og deltakaransvar

6.1 Eigardelane til deltakarane er fordelte på fylgjande måte:

Kommune	Kapital	Eigardel i prosent
Austevoll	14 850	8,58 %
Bømlo	32 092	18,55 %
Fitjar	10 260	5,93 %
Kvinnherad	43 000	24,85 %
Stord	48 014	27,75 %
Sveio	15 180	8,77 %
Tysnes	9 634	5,57 %
Sum	173 030	100,00 %

6.2 Deltakarane er seg imellom ansvarlege for pliktene til selskapet i høve til prosentdeling i samsvar med folketalet i kommunane. Deltakarane sitt ansvar er fordelt på fylgjande måte:

Kommune	Folketal pr. 01.01.1999	Deltakaransvar i prosent
Austevoll	4 378	8,00 %
Bømlo	10 694	19,55 %
Fitjar	2 962	5,42 %
Kvinnherad	13 206	24,14 %
Stord	16 071	29,38 %
Sveio	4 581	8,38 %
Tysnes	2 805	5,13 %
Sum	54 697	100,00 %

Prosentatsane vert justerte kvart 5. år, første gong pr. 1.1.1994.

Deltakarane heftar uavgrensa for tilsvarende prosentdelar av pliktene til selskapet. Til saman utgjer desse prosentdelane pliktene til selskapet.

§ 7 Representantskapet

7.1 Representantskapet skal ha eit medlemstal som tilsvorar folketalet i medlemskommunane, slik at kvar kommune har ein representant pr 3000 ibuarar. Minimumstalet på representantar frå ein kommune skal likevel vera 2 representantar uansett ibuartal. Ein får såleis fylgjande medlemstal i høve til folketalet:

Folketal	Medlemer i Representantskapet
0 - 3000	2
3001 - 6000	2
6001 - 9000	3
9001 - 12000	4
12001 - 15000	5
15001 - 18000	6

Utgangspunktet er folketalet pr.1.1.89. Folketalet og talet på medlemmer i representantskapet vert justert kvart 5. år, første gong pr. 1.1.1994.

Etter at kommunane Austevoll, Kvinnherad og Sveio er opptekne som fullverdige medlemmer gjeld fylgjande folketal og samansetjing i representantskapet:

Kommune	Folketal pr. 01.01.1999	Medlemer i Representantskapet
Austevoll	4 378	2
Bømlo	10 694	4
Fitjar	2 962	2
Kvinnherad	13 206	5
Stord	16 071	6
Sveio	4 581	2
Tysnes	2 805	2
Sum	54 697	23

7.2. Medlemene i representantskapet med personlege varamedlemer vert valde av kommunestyra i medlemskommunane for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

7.3 Representantskapet kjem saman ein gong i året, seinast innan utgangen av april månad. Leiaren for representantskapet kallar inn til møte når det er naudsynt for handsaming av ei særskild sak etter lova eller selskapsavtalen. Leiaren for representantskapet pliktar å kalla inn til møte når styret, revisor, minst ein av deltakarane, eller minst ein tredel av representantskapets medlemer krev det for handsaming av ei særskild sak.

Om ikkje representantskapet for den enkelte saka avgjer noko anna, har styreleiar, styremedlemer og driftsleiar rett til å delta i representantskapet sine møte. Dei har talerett, men ikkje røysterett.

Styreleiar og driftsleiar har plikt til å vera til stades med mindre det er openbert unødvendig eller det ligg føre gyldig forfall. I sistnemnde tilfelle skal det utpeikast ein stedfortreder.

7.4 Representantskapet er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene er til stades og desse representerer minst to tredelar av røystene.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal av dei gjevne røystene, bortsett frå vedtektsendringane som krev 2/3 fleirtal. Ved likt røystetal har møteleiar dobbeltrøyst.

Representantskapet sin leiar er møteleiar.

Ved spørsmål om habilitet gjeld kommunelova § 40 nr. 3.

7.5 Innkalling av møte skal skje med minst 4 vekers varsel. Innkallinga skal innehalda saksliste og eventuelle saksdokument. Dei enkelte deltakarane skal med same frist varslast om innkallinga og sakslista.

Det skal førast protokoll for møta. Denne skal underskrivast av leiaren og 2 av dei andre medlemene. Medlemene i styret og dagleg leiar har rett til å få sitt syn på ei sak innført i protokollen.

§ 8 Årsmøtet

I årsmøtet skal representantskapet handsama desse sakene:

- Skrifteleg årsmelding frå styret.
- Revidert årsrekneskap frå styret.
- Styret sitt budsjettframlegg for neste driftsår.
- Framlegg frå styret til endringar i avgiftsregulativet.
- Fullmakter til styret.
- Val av leiar/nestleiar i representantskapet (annakvart år)
- Val av styremedlemer og varamedlemer til styret

- Val av leiar og nestleiar i styret.
- Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon.
- Fastsetjing av godtgjersle til representantskap og styre.

Dessutan skal representantskapet handsama:

- Framlegg frå styret om opptak av lån og pantsetjing av selskapet sin eigedom.
- Framlegg om endring av vedtektene for selskapet.
- Eventuelle andre saker som styret vil ha handsama i representantskapet.

Vedtak i representantskapet må godkjennast av kommunane dersom dette vert kravd etter kommunelova eller andre lover.

Budsjett og rekneskap skal sendast medlemskommunane som melding.

§ 9 Styret

9.1 Styret i selskapet skal ha 1 medlem per medlemskommune. Ved stiftinga hadde styret 4 medlemmer. Etter 1.1.1993 har styret 7 medlemmer.

Styremedlemene skal ha personlege varamedlemmer. Styremedlemene og varamedlemene blir valde for 2 år om gongen, likevel slik at halvparten står på val etter loddtrekning etter første året.

Styremedlemene og varamedlemene skal veljast av representantskapet.

9.2 Leiaren av styret kallar inn til møte når han finn det naudsynt eller når minst 2 medlemmer i styret bed om det. Innkalling til møte skal skje med minst 5 dagars varsel. Innkallinga skal innehalda sakliste og eventuelle saksdokument. Det skal førast møteprotokoll.

9.3 Selskapet sin driftsleiar har tale og forslagsrett, men ikkje røysterett. Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene er til stades. Vedtaka vert gjorde med vanleg fleirtal av dei gjevne røystene. For at eit vedtak skal kunna fattast gyldig, må framlegget ha fått tilslutning frå meir enn ein tredel av alle styremedlemene. Ved likt røystetal har møteleiaren dobbelrøyst.

Ved spørsmål om habilitet gjeld kommunelova § 40nr. 3 .

9.4 Styret skal ha det mynde og ansvar som det vert gjeve av representantskapet for å leia selskapet si verksemd. Styret kan mellom anna tilsetja og seia opp driftspersonell. For den daglege drifta kan styret gje prokura til driftsleiaren eller styreleiaren. Styret gjev innstilling i saker som skal føreleggjast representantskapet.

§ 10 Dagleg leiar

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som vert tilsett av styret. Dagleg leiar skal stå for den daglege leiinga av selskapet og følgje dei retningslinene og pålegga som styret har gjeve.

Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter tilhøva til selskapet er av uvanlig art eller av stor tyding. Slike saker kan den daglege leiaren berre avgjera når styret i den enkelte saka har gjeve dagleg leiar mynde til det, eller når ein ikkje kan venta på avgjerd i styret utan vesentleg ulempe for verksemda til selskapet. Styret skal i så fall snarast orienterast om saka.

§ 11 Representasjon – Signatur

Styret representerer selskapet utetter og, teiknar selskapets firma. Styret kan gje styremedlem eller dagleg leiar rett til å teikna selskapets firma og kan avgjera at dei som har slik rett må uttøva han i fellesskap.

Dagleg leiar representerer selskapet utetter i saker som fell inn under den daglege leinga av selskapet.

§ 12 Innskotsplikt

Selskapet hadde ved stiftinga ein interessekapital på kr. 100.000,-

Medlemskommunane: Bømlo, Fitjar, Stord og Tysnes, som vart medlem i selskapet 2. mai 1990 betalte inn sin del av interessekapitalen i høve til folketalet 1.1.1989:

Bømlo	kr. 32 092
Fitjar	kr. 10 260
Stord	kr. 48 014
Tysnes	kr. 9 634

Medlemskommune: Austevoll, Kvinnherad og Sveio som vart medlemer i selskapet 1. januar 1993 betalte inn totalt kr. 73 030,- fordelt på følgjande måte:

Austevoll	kr. 14 850
Kvinnherad	kr. 43 000
Sveio	kr. 15 180

§ 13 Låneopptak mv.

Selskapet kan ta opp lån med inntil kr. 10 000 000. Selskapet kan ta opp lån til kapitalføremål og til konvertering av eldre gjeld. Ansvar for deltakarane kjem fram av § 6. Selskapet sin eigeendom kan pantsetjast ved eigne låneopptak.

Selskapets vedtak om å oppta lån må godkjennast av Fylkesmannen.

§ 14 Utgifter

Dei årlege utgiftene til selskapet skal dekkjast av avgifter for dei ulike renovasjonstenestene.

Kommunane betalar avgift til selskapet for forbruksavfall som vert henta ved den vanlege innsamlingsordninga i høve til talet på abonnentar pr.1. januar kvart år.

Representantskapet kan gjera vedtak om at avgifta frå kommunane skal betalast etter vekt. I så fall må denne ordninga innførast frå same tidspunkt for alle kommunane

For avfall som vert levert direkte til fyllplassen av privatpersonar, verksemdar, institusjonar osv., vert avgifta betalt direkte til selskapet av leverandørar i høve til vekt eller volum. Avgifta skal dekkje handsamingskostnaden. Betalingsattsar for slamhandsaming, lagring av spesialavfall osv. vert fastsett av styret.

Selskapet har ikkje høve til å betala utbytte til eigarane.

§ 15 Avgifter

På grunnlag av vedteke budsjett og abonnenttalet 1.januar betalar kommunane a-kontosummar kvart kvartal etter rekning frå selskapet.

Sluttavrekning på grunnlag av det faktiske abonnentalet i året vert send ved utgangen av året.

Medlemskommunane skal krevja inn renovasjonsavgifta og avgift for slamtøming frå dei abonnentane som går inn i den vanlege innsamlingsordninga for desse avfallstypene. Desse avgiftene vert fastlagde av kommunane i samsvar med lovverket for slike avgifter.

§ 16 Rett til å tre ut

Den enkelte deltakar kan med to års skriftlig varsel seia opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevja seg utløyst av dette. Vedtak i ein kommune om å gå ut må meldast representantskapet på årsmøtet. Utmeldinga kan tidlegast gjerast gjeldande 2 år etter det fylgjande årsskiftet.

Utløysingssummen vert fastsett til nettoverdien av andelen ved utløpet av oppseiingsfristen. Utløysingssummen kan likevel ikkje overstiga verdien av deltakaren sine innskot. Utløysingssummen skal utbetalast straks.

Det vert elles vist til lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 nr. 6 §30.

§ 17 Oppløysing

Oppløysing av selskapet kan berre skje dersom kommunestyra i alle medlemskommunane har gjort prinsippvedtak om dette. Kvar av dei deltakande kommunane er ved oppløysinga av selskapet ansvarlege for sin del av pliktene i høve til folketalet det året selskapet vert oppløyst.

Når det er avgjort at selskapet skal oppløysast, og oppløysinga er godkjend av departementet, skal representantskapet straks nemna opp eit avviklingsstyre. Styret i selskapet trer ut av funksjon når avviklingsstyret er valt.

Det vert elles viset til lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 nr. 6 §§ 32 flg.

§ 18 Tvistar

Tvist om tolking av selskapsavtalen vert avgjort med bindande verknad ved skiltsdom (voldgift) etter reglane i tvistemålslova.

-oo0oo-

Selskapsavtale for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM)

§ 1 Namn (Ikkje endra)

Namnet til selskapet er Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM). Selskapet er eit interkommunalt selskap.

§ 2 Deltakarar (Ikkje endra)

Deltakarar i selskapet er kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Andre kommunar kan søkja om å verta deltakar.

§ 3 Hovudkontor (Vert endra til Stord når kontoradresse faktisk vert endra. Vedtatt endra i kommunane 2016/2017)

Hovudkontoret til selskapet ligg i Fitjar kommune.

§ 4 Føremål (Nytt pkt. 4)

Føremålet med selskapet er :

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar når det gjeld gjenvinning.
4. Å bidra til miljøtiltak i eigarkommunane.
5. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

§ 5 Selskapets oppgåver (Ikkje endra)

1. Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidareending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.
2. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallshandsaminga.
3. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.
4. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallshandsamingsmetodar.

§ 6 Eigardel og deltakaransvar

(Ingen endringar av praktisk art, men paragrafen er oppdatert med sist tilgjengeleg talmateriale.)

6.1 Eigardelane er fordelte slik:

Kommune	Kapital	Eigardel i %
Austevoll	14 850	8,58
Bømlo	32 092	18,55
Fitjar	10 260	5,93
Kvinnherad	43 000	24,85
Stord	48 014	27,75
Sveio	15 180	8,77
Tysnes	9 634	5,57
Sum	173 030	100,00

6.2 Deltakarane svarar fullt og heilt for pliktene til selskapet. Kvar eigarkommune svarar for ein prosentdel som tilsvarar folketalet i kommunen 1.1. kvart år. 1.1.2017 var folketal og deltakaransvar fordelt slik:

Kommune	Folketal	Deltakaransvar i %
Austevoll	5 156	8,5
Bømlo	11 806	19,4
Fitjar	3 189	5,3
Kvinnherad	13 241	21,8
Stord	18 821	31,3
Sveio	5 656	9,3
Tysnes	2 847	4,7
Sum	60 716	100,00

§ 7 Representantskapet (tabellen er utvida med eit ekstra trinn)

7.1 Fordelinga av medlemmer i representantskapet skal spegla folketalet i eigarkommunane. Kvar kommune skal ha 1 representant for kvar 3 000 ibuar, men minst 2. Ein får såleis følgjande medlemstal:

Folketal	Medlemmer
0 - 3000	2
3001 - 6000	2
6001 - 9000	3
9001 - 12000	4
12001 - 15000	5
15001 - 18000	6
18001 - 21000	7

Medlemmer i representantskapet 1.1.2017:

Kommune	Medlemmer
Austevoll	2
Bømlo	4
Fitjar	2
Kvinnherad	5
Stord	7
Sveio	2
Tysnes	2
Sum	24

- 7.2. Medlemene i representantskapet med personlege varamedlemer vert valde av kommunestyra i eigarkommunane for 4 år og i samsvar med den kommunale valperioden.
- 7.3 *(Nytt pkt. Ved folketalsauke/-nedgang kan det henda at eigarkommunar skal ha fleire/færre medlemmer i representantskapet. § 7.3 slår fast korleis endringa skal skje reint praktisk.)*

Dersom det viser seg at ein eigarkommune som følgje av folketalsauke/-nedgang har rett på fleire/færre medlemmer i representantskapet, skal justeringa skje på følgjande måte: Utgangspunktet er folketalet 1.1. det året det er kommuneval. Det nye talet på medlemmer i representantskapet gjeld frå dagen etter kommunevalet.

- 7.4 *(Nytt pkt. Dato for representantskapsmøtet er endra frå "utgangen av april måned" til "utgangen av juni måned". Endringa er av praktisk art. Representantskapsmøtet kan uansett haldast i april, slik som til no.)*

Representantskapet kjem saman før utgangen av juni måned.

- 7.5 Leiaren for representantskapet kallar inn til møte når det er naudsynt for handsaming av ei særskild sak etter lova eller selskapsavtalen. Leiaren for representantskapet pliktar å kalla inn til møte når styret, revisor, minst ein av eigarkommunane, eller minst ein tredel av representantskapet sine medlemmer krev det for handsaming av ei særskild sak.

Om ikkje representantskapet for den enkelte saka avgjer noko anna, har styreleiar, styremedlemer og dagleg leiar rett til å delta i representantskapet sine møte. Dei har talerett, men ikkje røysterett. Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å vera til stades, med mindre det er openbert unødvendig eller det ligg føre gyldig forfall. I sistnemnde tilfelle skal det utpeikast ein erstattar.

- 7.6 Representantskapet er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene er til stades og desse representerer minst to tredelar av røystene.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal av dei gjevne røystene, bortsett frå endringar i selskapsavtalen, som krev 2/3 fleirtal. Ved likt røystetal gjeld det som møteleiaren røystar for.

Representantskapet sin leiar er møteleiar.

Ved spørsmål om habilitet gjeld kommunelova § 40 nr. 3.

- 7.7 Innkalling til representantskapsmøte skal skje med minst 4 vekers varsel. Innkallinga skal innehalda sakliste. Dei enkelte deltakarane skal med same frist varslast om innkallinga og sakslista.

Det skal førast protokoll for møta. Protokollen skal underskrivast av leiaren og to av dei andre medlemene. Medlemene i styret og dagleg leiar har rett til å få sitt syn på ei gitt sak innført i protokollen.

§ 8 Årsmøtet

(I tredje kulepunkt er ordet "økonomiplan" tilført. I 10. kulepunkt er "godtgjersle for representantskap" teke bort.)

I årsmøtet skal representantskapet handsama desse sakene:

- Skriftleg årsmelding frå styret.
- Revidert årsrekneskap frå styret.
- Styret sitt framlegg til budsjett for neste driftsår og økonomiplan.
- Framlegg frå styret til endringar i gebyrregulativet.
- Fullmakter til styret.
- Val av leiar/nestleiar i representantskapet (annakvart år).
- Val av styremedlemer og varamedlemer til styret.
- Val av leiar og nestleiar i styret.
- Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon.
- Fastsetjing av styregodtgjersle.

Dessutan skal representantskapet handsama:

- Framlegg frå styret om opptak av lån og pantsetjing av selskapet sin eigedom.
- Framlegg om endring av selskapsavtalen.
- Andre saker som styret vil ha handsama i representantskapet.

Vedtak i representantskapet må godkjennast av kommunane dersom dette vert kravd etter kommunelova eller andre lover.

Budsjett og rekneskap skal sendast medlemskommunane som melding.

§ 9 Styret

9.1.

(Her er det presisert at det skal vera ein representant med vara frå dei tilsette i styret. Dette har representantskapet tidlegare vedteke, utan at det er skriva inn i selskapsavtalen.)

Styret skal ha 1 medlem per eigarkommune. Styremedlemene skal ha personlege varamedlemer. Styremedlemene og varamedlemene blir valde for 2 år om gongen, og på ein slik måte at halvparten står på val kvart år.

Styremedlemene og varamedlemene skal veljast av representantskapet. I tillegg skal det veljast 1 styremedlem med vara av og frå dei tilsette.

9.2 Leiar av styret kallar inn til møte når han finn det naudsynt, eller når minst 2 medlemer i styret ber om det. Innkalling til møte skal skje med minst 5 dagars varsel. Innkallinga skal innehalda sakliste og eventuelle saksdokument. Det skal førast møteprotokoll.

9.3 Selskapet sin daglege leiar har tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett. Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene er til stades. Vedtaka vert gjorde med vanleg fleirtal av dei gjevne røystene. For at eit vedtak skal kunna fattast gyldig, må framlegget ha fått tilslutning frå meir enn ein tredel av alle styremedlemene. Ved likt røystetal gjeld det som møteleiaren røystar for.

Ved spørsmål om habilitet gjeld kommunelova § 40 nr. 3.

9.4 Styret skal ha det mynde og ansvar som det vert gjeve av representantskapet for å leia selskapet si verksemd. Styret kan tilsetja og seia opp driftspersonell. For den daglege drifta kan styret gje prokura til styreleiar eller dagleg leiar. Styret gjev innstilling i saker som skal føreleggjast representantskapet.

§ 10 Valnemnd

(Nytt pkt. Nytt punkt om at selskapet skal ha valnemnd. Oppgåvene til valnemnda er tidlegare vedtekne i representantskapet.)

1 representantskapsmedlem frå kvar av tre medlemskommunar er valnemnd i selskapet.

Valnemnda sine oppgåver er:

- å foreslå kandidatar til leiar og nestleiar i representantskap og styre
- å foreslå styrekandidatar som har den kompetansen som trengs for at styret kan utføra sine oppgåver
- å sjå til at val i selskapet tilfredsstillir lova når det gjeld kjønnsrepresentasjon.

Medlemene i nemnda skal bytast ut skiftevis ein og to kvart år, i alfabetisk rekkjefylgje etter kommunenamna. I 1995 har valnemnda medlemer frå Austevoll, Bømlo og Fitjar, der medlemen frå Austevoll sit i eitt år og dei andre to år. Seinare er alle medlemene i valnemnda valde for to år.

§ 11 Dagleg leiar

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som vert tilsett av styret. Dagleg leiar skal stå for den daglege leiinga av selskapet og følgja dei retningslinjer og pålegg som styret har gjeve.

Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter tilhøva til selskapet er av uvanlig art eller særskild viktige. Slike saker kan den daglege leiaren berre avgjera når styret har gjeve dagleg leiar mynde til det, eller når ein ikkje kan venta på avgjerd i styret utan vesentleg ulempe for verksemda til selskapet. Styret skal i så fall snarast orienterast om saka.

§ 12 Representasjon – signatur

Styret representerer selskapet utetter og teiknar selskapets firma. Styret kan gje styremedlem eller dagleg leiar rett til å teikna selskapets firma og kan avgjera at dei som har slik rett må utøva han i fellesskap.

Dagleg leiar representerer selskapet utetter i saker som fell inn under den daglege leiinga av selskapet.

§ 13 Innskotsplikt

Selskapet hadde ved stiftinga ein interessekapital på kr. 100 000.

Kommunane Bømlo, Fitjar, Stord og Tysnes, som vart medlem i selskapet 2. mai 1990, betalte inn sin del av interessekapitalen i høve til folketalet 1.1.1989:

Bømlo	kr. 32 092
Fitjar	kr. 10 260
Stord	kr. 48 014
Tysnes	kr. 9 634

Kommunane Austevoll, Kvinnherad og Sveio, som vart medlem i selskapet 1. januar 1993, betalte inn totalt kr. 73 030 fordelt på følgjande måte:

Austevoll	kr. 14 850
Kvinnherad	kr. 43 000
Sveio	kr. 15 180

§ 14 Låneopptak mv.

(Lånegrensa endra frå 10 000 000 kroner til 30 000 000 kroner. Noko tekst er utelate frå denne paragrafen, men den teksten vert ivareteken av lov eller andre paragrafar i selskapsavtalen.)

Selskapet kan ta opp lån med inntil kr. 30 000 000. Låneopptak må godkjennast av Fylkesmannen.

§ 15 Utgifter

(Teksten er forenkla, men meiningsinnhaldet er ikkje endra.)

Utgifter som selskapet har skal dekkast av inntekter selskapet har.

§ 16 Inntekter

(Nytt namn (tidlgare § 14 /utgifter), teksten er forenkla, men meiningsinnhaldet er ikkje endra.)

Representantskapet fastset gebyr som eigarkommunane skal betala til selskapet. Kommunen fastset renovasjonsgebyr og slamtømmegebyr.

Styret fastset betalingsssatsar for avfall som vert levert direkte til miljøsentral eller behandlingsanlegg av privatperson, verksemd, institusjon osv, og for tenester som selskapet sel. Betaling skal skje direkte til selskapet av kunde.

§ 17 Utbytte

(Innhaldet i denne paragrafen stod tidlegare annan stad i vedtektene.)

Selskapet har ikkje høve til å betala utbytte til eigarane.

§ 18 Rett til å tre ut

Kvar eigarkommune kan seia opp medlemskapen i selskapet. Oppseiing skal meldast skriftleg til representantskapet på årsmøtet. Avslutting av medlemskapen kan tidlegast skje 2 år etter det følgjande årsskiftet.

Det skal betalast utløyingsssum til den kommunen som melder seg ut. Summen tilsvarar nettoverdien av andelen til kommunen den dato medlemskapen er avslutta. Utløyingsssummen skal utbetalast straks, men kan ikkje overstiga verdien av kommunen sine innskot.

Det vert vist til lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 nr. 6 §30.

§ 19 Oppløysing

Oppløysing av selskapet kan berre skje dersom kommunestyra i alle eigarkommunane har gjort prinsippvedtak om dette. Når det er avgjort at selskapet skal oppløysast, og oppløysinga er godkjent av departementet, skal representantskapet straks nemna opp eit avviklingsstyre. Styret i selskapet trer ut av funksjon så snart avviklingsstyret er valt.

Kvar eigarkommune er ved oppløysinga av selskapet ansvarleg for sin del av pliktene.

Det vert vist til lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 nr. 6 §§ 32 flg.

§ 20 Ankenemnd

(Denne paragrafen er ny. Målet med ankenemnda er å få lik behandling av klager på vedtak som selskapet gjer etter kommunal forskrift om avfall og slam.)

Selskapet skal ha ei nemnd som behandlar klager på enkeltvedtak selskapet har gjort. Kvar kommune som selskapet har forvaltning for skal peika ut 1 medlem til nemnda.

§ 21 Endringar i selskapsavtalen

(Denne paragrafen presiserer kva for paragrafar i vedtektene som berre kan endrast etter kommunestyrevedtak, og kva for paragrafar som representantskapet kan endra. Juridisk vurdering er gjort av advokat.)

Følgjande paragrafar i selskapsavtalen kan berre endrast etter at endringsforslaga er vedtekne i alle eigarkommunane: §1, §2, §3, §4, §6, §7.1 og § 9.1, første ledd. Resten av paragrafane kan endrast av representantskapet.

§ 22 Tvist

Tvist om tolking av selskapsavtalen vert avgjort med bindande verknad ved skilddom (*voldgift*) etter reglane i tvistemålslova.

Revisjonsdata:

Endra i Representantskapsmøtet den 30. april 1999.

Endringa godkjend i eigarkommunane den 22. november 1999.

Selskapsavtalen er tilpassa lov om interkommunale selskap den 9. mai 2003.

Endra i eigarkommunane per 15. mai 2017.